



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 05.04.2016

Vår ref.: 2016/2947

Arkivnr.: 461.5

Vindafjord kommune
Rådhuset
5580 Ølen

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Søknad om mudring og utfylling i sjø ved gnr./bnr. 281/271 m. fl., Ølen, Vindafjord kommune - Førespurnad om uttale til søknaden – Utlegging til offentlig ettersyn

Fylkesmannen ber om opplysingar om spesielle forhold mv. som det bør takast omsyn til ved behandling av søknaden. Me ber om at saksdokumenta og eit eksemplar av kunngjeringa blir lagt ut til offentlig ettersyn i kommunen.

Frist for kommunens uttale er 8 veker.

Fylkesmannen i Rogaland fekk 29.02.2016 (rev. 11.03.2016) søknad frå Omega Areal AS på vegne av Mittdistrikt Invest AS om løyve til mudring og utfylling i sjø ved gnr. 281, bnr. 271 m. fl., Ølen i Vindafjord kommune. Det omsøkte tiltaket vil røre ved eigedommane på gnr. 281, bnr. 37, 103, 207, 270, 271, 243, 20, 206 og 21.

Kort utgreiing av omsøkt tiltak

Type verksemd:

Mudring og utfylling i sjø

Lokalisering:

Osen, Ølen, Vindafjord

Berekna massevolum av:

- mudring:

~ 920 m³

- utfylling:

~ 1 650 m³

Sjøbotnareal som vil bli rørt ved:

~ 1 215 m²

Tidsintervall for gjennomføring:

Om lag 6 veker etter ev. løyve er gitt

Søklar har ikkje planlagt avbøtande tiltak for å hindre partikkelspreiing.

Bakgrunn/søknad

Det blir søkt om å mudre under og framfor planlagt kaifront, ned til fast fjell eller faste massar, frå om lag 0,2 m til 2 m djupne. Det skal så fyllast ut/murast opp ein tørrmur, der det er planlagt å nytte sprengsteinsmassar frå steinbrotet på Fikse. Alt arbeid skal utførast med gravemaskin frå land. Hensikta med mudringa er å hindre seinare utsiging av utfyllinga. Søklar ønskjer å nytte dei mudra massane som ein del av fyllmassane bak tørrmuren.

Tiltaksområdet ligg på ein banke, tidlegare ein del av utlaupet til den austanforliggjande Oselva. Sedimenta er finkorna, og nivået for fast fjell/faste massar ligg på om lag to meter under fyllingstoppen.

I nærleiken ligg det ei småbåthamn med plass til 55 småbåtar. Søkjar meiner det ikkje er andre kjende ureiningskjelder lokalt, men nemner at Ølsfjorden er nytta av industriverksemdar og at det tidlegare er påvist forureining i bunnsedimenta. Tiltaksområdet ligg likevel i den søraustlege delen av fjorden, samt over vassnivå ved fjære sjø.

Føremålet med utfyllinga er å opparbeide ein tilgjengeleg og estetisk tiltalende kaifront med tilhøyrande turveg langs sjøen.

Fylkesmannen sine merknadar

Fylkesmannen meiner det er liten risiko for partikkelspreiing under arbeida, då det er lite vatn over sedimenta og arbeida kan utførast på fjære sjø. For å sikre at dei mudra massane blir disponert på ein forsvarleg måte har me etterspurt ein sedimentprøve for å avklare forureinings situasjonen i sedimenta.

Tiltaksområdet er ein del av eit brakkvassdelta registrert som viktig naturtype i Miljødirektoratets Naturbase. Lokaliteten har fått verdi B (viktig) på grunnlag av at det er eit lite, men nokså intakt brakkvassdelta med einskilde interessante artar¹. Brakkvassdelta er ofte høgproduktive område med stor variasjon av naturtypar, og utgjer viktige område for vassfugl². Det er i følgje databasen Temakart-Rogaland gjort mange registreringar av ulike raudlista artar på deltaet, mellom anna vipe og makrellterne som er oppført som sterkt trua i Norsk rødliste for artar 2015³.

I eit eventuelt løyve kan det bli aktuelt å setje vilkår om avgrensa utføringsperiode med omsyn til fuglelivet. Det vil og mellom anna bli sett vilkår om støykontroll.

Søknaden vil bli behandla i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 36 om behandling av løyver etter forureiningslova, fastsatt av Klima- og miljødepartementet 01.06.2004.

Offentleg kunngjering

Fylkesmannen sørgjer for kunngjering av søknaden i Haugesunds Avis. Kunngjeringskostnadane blir dekkja av søker. Kunngjeringsteksten følgjer vedlagt.

Utlekking til offentleg ettersyn

Søknaden blir lagt ut til offentleg ettersyn i Vindafjord kommune, Rådhuset, 5580 Ølen, og på Fylkesmannen i Rogaland sine internettsider www.fylkesmannen.no/rogaland under «Miljø og klima» og «Høyringar». Uttalar kan sendast til Fylkesmannen innan 4 veker frå utleggings-tidspunktet.

Uttalar – kommunal sluttbehandling

Frist for uttale frå kommunen er sett til 8 veker frå kunngjeringsdato.

Me ber kommunen innan same tid innhente uttalar frå eigne organ så langt ein finn dette naudsynt. Kommunen sin uttale bør gje opplysingar om lokale forhold som kommunen meiner manglar eller som ikkje er tilstrekkeleg skildra i søknaden, og som bør takast omsyn til ved avgjersla.

¹ Jordal, J. B. og Johnsen, J. I., 2009. Supplerande kartlegging av naturtypar i Rogaland i 2008. Fylkesmannen i Rogaland miljørapport nr. 1-2009. Henta frå <http://faktaark.naturbase.no/naturtype?id=BN00049385> 22.03.2016.

² Miljødirektoratet, Elvedeltadatabasen: <http://elvedelta.miljodirektoratet.no/ferskbrakk.htm> Sett: 22.03.2016

³ Artsdatabanken: <http://www.artsdatabanken.no/> Sett: 22.03.2016

Det blir anbefalt at kommunen føretekk kommunal sluttbehandling i organ som kan gjera ei heilskapsvurdering av saka. Uttalar frå den kommunale saksbehandlinga skal sendast til Fylkesmannen.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen
ass. fylkesmiljøvernssjef

Linda Thorsen
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Linda Thorsen
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 16
E-post: fmrolth@fylkesmannen.no

Vedlegg:

- Søknadsdokumentene (2 sett, inkludert 1 sett til offentleg utlegging)
 - søknad av 29.02.2016, revidert 11.03.2016
 - søknadsvedlegg
- Kunngjeringstekst til Haugesunds Avis
- Kopi av brev til andre høyringsinstansar

Kopi (utan vedlegg) til:

Omega Areal AS
Mittdistrikt Invest AS